

Brukarrettleiing for PressReader

Kva er PressReader?

PressReader leverar komplette digitale kopiar av aviser og tidsskrift for lesing på nettbrett, smarttelefoner og lesebrett som køyrer på operativsystema IOS, Android, Windows 8 og Blackberry 10.

Med PressReader kan du lesa aviser og tidsskrift frå perm til perm, akkurat slik tittelen vart trykt - utan kompromiss i kvalitet eller innhald.

Sett opp PressReader

1. Kople til biblioteket sitt wi-fi-nettverk.

På nettbrett og smarttelefoner og pc-ar med Windows 8.1 eller nyare

2. Last ned PressReader-appen der du vanlegvis lastar ned appar.



3. Start appen medan du er i biblioteket, og du vil automatisk verte kopa til biblioteket sitt HotSpot. Då har du fri tilgang til PressReader medan du er i biblioteket og i 72 timar etterpå.

På andre datamaskiner


2. Gå til www.pressreader.com

No kan du lese aviser og tidsskrift medan du er pålogga, og du kan laste ned inntil 5 publikasjonar per dag for seinare lesing.


Du kan anten lese publikasjonen i originalformatet, eller klikke/tappe på sida og lese i SmartFlow – ei horisontal visning som gjer lesing enkel på alle skjermar.

Last ned aviser og tidsskrift

Finn dei publikasjonane du vil lese. Du kan bla i lister sortert etter type publikasjon, utgjevarland, kategori eller språk, eller du kan søkje i søkjefeltet oppe til høgre på sida. Du opnar ei liste ved å klikke eller tappe på ho. (Når du brukar nettlesar og ikkje app, må du peike i ei liste, holde venstre museknapp inne og dra opp eller ned i lista for å bla.)





Du lastar ned ein publikasjon ved å klikke eller tappe på han og velja Download, eller å tappe direkte i sirkelen med ei nedoverpila i.



Du kan òg lage ein gratis, personleg konto

- Med ein gratis personleg konto kan du bokmerke artiklar og og leggja dei i dei personlege arkiva dine.
- Viss du er interessert i eit spesielt emne, kan du setja opp eit varsel slik at du får ein e-post når dette emnet er i nyhenda.
- Du kan dele artiklar med vener via sosiale nettverk eller leggja dei i egne arkiv i Evernote vi eller Instapaper.
- Du kan delta i diskusjonar og kommentera artiklane.



Utforsk!

Klikk/tapp på dei ulike ikona i menylinja og andre stader på sida for å finne kva ut som skjuler seg bak dei.

press reader

press reader

Sign In

Search

Add to My Publications

February, 2016

SU	MO	TU	WE	TH	FR	SA
31	1	2	3	4	5	6
7	8	9	10	11	12	13
14	15	16	17	18	19	20
21	22	23	24	25	26	27
28	29	1	2	3	4	5
6	7	8	9	10	11	12

Lønnsoppgjøret 2016

I dag legger Teknisk beregningsutvalg frem tallene som er «fasit» i forhandlingene, samtidig finpusser LO på kravene sine. Mandag 7. mars begynner forhandlingene mellom Fel...